



Saksmappe: 2020/625
Sakshandsamar: MAS
Dato: 01.06.2021

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
112/21	Planutval	07.06.2021
27/21	Levekårsutval	24.06.2021
74/21	Kommunestyret	29.06.2021

Kommunedelplan for trafikksikringsplan Bykle kommune 2021-2025. Høyring og offentlig ettersyn.

Kommunestyret si behandling av sak 74/2021 i møte den 29.06.2021:

Behandling:

Saka vart drøfta
Orientering vart gjeve av plansjef Signe Berit Sollien Haugå

Kommunedirektøren si tilråding med tillegget frå Planutvalet vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 vert kommunedelplan for trafikksikring Bykle kommune 2021-2025 lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.
Sette opp svingbom ved Håmåren i Bykle kyrkjebygd.

Levekårsutval si behandling av sak 27/2021 i møte den 24.06.2021:

Behandling:

Saka vart drøfta tilrådinga og samt tillegget i vedtaket frå planutvalet samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 vert kommunedelplan for trafikksikring Bykle kommune 2021-2025 lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.
Sette opp svingbom ved Håmåren i Bykle kyrkjebygd.

Planutval si behandling av sak 112/2021 i møte den 07.06.2021:

Behandling:

Framlegg Hege Cecilie Trydal (V): sette opp svingbom ved Håmåren i Bykle kyrkjebygd.

Saka vart drøfta og tilrådinga med framlegg samrøystes vedteke

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 vert kommunedelplan for trafikksikring Bykle kommune 2021-2025 lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.

Sette opp svingbom ved Håmåren i Bykle kyrkjebygd.

Kommunedirektøren si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 vert kommunedelplan for trafikksikring Bykle kommune 2021-2025 lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.

SAKSUTGREIING**Samandrag/ konklusjon**

Saka gjelde forslag til kommunedelplan for trafikksikringsplan Bykle kommune 2021-2025. Denne skal ivareta trafikksikring og trafikksikringstiltak i kommunen sin planlegging og utvikling. Den vil gi føringar for haldningsskapande tiltak og fysiske tiltak. Planen er utarbeid i tråd med statlege, regionale og lokale føringar.

Bakgrunn for saka

Føremålet med ein kommunedelplan for trafikksikring er å leggje grunnlag for målretta og systematisk trafikksikringsarbeid i Bykle kommune, i tråd med dei sentrale føringar for trafikksikringsarbeid og Nullvisjonen. Dette er ein visjon om ingen drepne eller hardt skada i vegtrafikken, som Stortinget vedtok i 2002. Målet er:

- Utarbeide ein handlings- og tiltaksplan for perioden 2021-2025
- Ivareta trafikksikring i kommunen si planlegging og utvikling
- Skape bevisstheit og fremme gode haldningsskapande tiltak i kommunen

Planen bygger på, og tar over for trafikksikringsplan for Bykle kommune 2015-2020.

Planutvalet i Bykle kommune vedtok oppstart av arbeidet med ny kommunedelplan for trafikksikring i møtet 12.10.2020, sak nummer 180/20. Varsel om oppstart av planarbeid, samt planprogrammet, blei sendt på høyring med frist for å kome med innspel. Varsel om oppstart og planprogram vart sendt ut 29. oktober 2020 med frist 30. november og 13. desember 2020. Det kom inn mange innspel, særleg til planarbeidet. Planprogrammet blei fastsett av kommunestyret 29.04.2021. Forslaget blir no lagt fram til 1. gongs behandling med forslag om at planen blir lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.

Formelt grunnlag

- Plan- og bygningslova kapittel 11.
- Kommuneplanen for Bykle, Samfunnsdelen, vedtatt 27. september 2017.
- Planprogram for kommunedelplan Trafikksiringsplan Bykle kommune 2021-2025, fastsett av kommunestyret 29.04.2021 (sak 49/21).

Innkomne innspel til planarbeidet

Alle innspel og møtereferat er vedlagt saken i sin heilheit.

Fylkesmannen i Agder, brev datert 02.12.20

Tilrår ein konkret skildring av korleis medverknadsprosessen skal leggjast opp. Anvende digitale verkemiddel for medverknad og informasjonsarbeid. Anbefale å bruke metodikken i «Barnetråkk». Barnas Transportplan vert tatt inn i oversikten over nasjonale føringar.

Kommunedirektørens kommentar: *Ein har laga ein meir konkret skildring av medverknadsprosessen – denne er no gjennomført ved hjelp av fleire digitale møter.*

Statens vegvesen, munnleg tilbakemelding i møte 09.12.20

Det eksisterande datagrunnlaget for trafikk og ulykkesstatistikk er bra, derfor ikkje naudsynt med TS-analyse. Statens vegvesen vil bistå med konkrete TS-vurderingar.

Kommunedirektørens kommentar: *Tilgjengeleg informasjon har vore bra, ikkje vore naudsynt med analyser. Statens vegvesen har vore behjelpeleg i vurdering av tiltak langs Rv9.*

Stussli velforeining, brev datert 30.11.20

Dei er positive til at ungdomsrådet er involvert, men lurar på kvifor ikkje foreldrerepresentantar i skule/barnehage er involvert i prosessen. Dei kom også med mange innspel til trafikksikringstiltak.

Kommunedirektørens kommentar: *Ein varsla om planoppstart både på nett og i avis, samt utsending av brev til skule- og barnehagar i Bykle kommune. I ressursgruppa hadde ein samla foreldre, idrettslag, næringsdrivande, barn- og unges representant, ungdomsrådet og tilsette i skulevesenet i kommunen. I tillegg hadde ein også med ein representant frå råd for personar med nedsett funksjonsevne og ein inviterte representant frå levekårsutvalet til å delta.*

Tiltak som går på fartsdump i Malmvegen er det best om velforeininga kjem med forslag til plassering direkte til TDE. Elles er forslaga tatt med i forslag til tiltak.

Geir Kristiansen, e-post datert 12.11.20

Etablering av fartsdumpar i Breivevegen.

Kommunedirektørens kommentar: *Tatt med i forslag til tiltak.*

Anne Merethe Hjemdahl, e-post datert 17.11.20

Senking av fortauskant ved fotgjengarovergang i Skisentervegen, bru.

Kommunedirektørens kommentar: *Tatt med i forslag til tiltak.*

Ann Harriet Ebeltoft, e-post datert 30.11.2020

Ofte trafikkfarlege situasjonar der gangveg kjem ut i vegen ved Blesterkroken 5. Problem både sommar og vinter. Ber om etablering av sperre/port i gangvegen.

Kommunedirektørens kommentar: *Tatt med i forslag til tiltak.*

Bykle IL v/ Olav Mandt, brev datert 09.12.20

Mange konkrete innspel (sjå vedlegg for utfyllande info).

Kommunedirektørens kommentar: Tatt med i forslag til tiltak.

Fjellgardshallen, brev datert 14.01.21

Ønske om fareskilt for hest fleire stadar på Hovden. Også fokus på å gjere Breivekrysset/skisenterkrysset meir tydeleg, ofte forvirring på vikeplikt.

Kommunedirektørens kommentar: Tatt med i forslag til tiltak.

I tillegg er det også kome inn innspel i forbindelse med møter med arbeidsgruppa og ressursgruppa. Referata frå desse møta er også vedlagt saken.

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Kommunen har ansvaret for å halde det kommunale vegnettet i ein god stand, og har ansvar for utbetringar og vedlikehald, samt den daglege drifta. Trafikksikringsplan Bykle kommune 2021-2025 har ei liste med føreslegne tiltak for trafikktrygging. Denne lista gjev kommunen ein oversikt over kva innbyggjarar og næringsdrivande meina kunne blitt utbetra. På mange av tiltaka er det kommunen som er ansvarleg for kostnadsbæring og utføring. Andre tiltak er meir eit ønskje som kommunen kan halde fram for ansvarleg vegmyndigheit, og dette er tiltak knytt til riksveg og fylkesveg.

Fleire av tiltaka vil medføre ein kostnad for kommunen og handlingsdelen vil skape ein forventning om at det dei neste åra blir sett av midlar til å gjennomføre tiltak. Dei konkrete kostnadsvurderingane må blir gjort i samband med den årlege rulleringa av økonomiplan og budsjett.

Medverknad

Planprosessen følger prosessreglane etter § 11 i plan- og bygningslova. Framdriftsplan og plan for medverknad blei politisk forankra hjå planutvalet før planoppstart og varsel om oppstart av planarbeidet. Det vart i forbindelse med dette også sendt ut invitasjon til oppstartsmøte, dette vart avhalde digitalt i Teams grunna koronarestriksjonar. Ein inviterte ungdomsrådet, lag- og foreiningar (både idrettslag og næringsforeiningar frå Hovden og Bykle), skule og barnehage, transportnæring, bygg- og anlegg, landbruksnæringa og ulike trafikkant grupper. Ein inviterte også inn til møte med Statens vegvesen, Trygg Trafikk, fylkeskommunen, Politi, TDE og barn- og unges representant som har vore planens arbeidsgruppe.

Dei som møtte på oppstartsmøtet ville også gjerne vere med vidare i planarbeidet, og desse la grunnlaget for ressursgruppa. Her har også representantar frå råd for personar med nedsett funksjonsevne og levekårsutvalet blitt invitert med. Desse har fått vere med på å gå igjennom planforslaget før politisk handsaming, samt moglegheit til å sjå på prioritering av tiltak i tiltakslista. Ein har også hatt ein lik gjennomgang saman med arbeidsgruppa, og eit arbeidsmøte med Statens vegvesen som er vegmyndigheit for Rv 9.

Kort omtale av planforslaget

Dei juridiske dokumenta er trafikksikringsplan Bykle kommune 2021-2025 og planprogram for trafikksikringsplan.

Arbeidet med denne temaplanen som kommunedelplan er styrt og utført av Bykle kommune. Sjølve planen bygger på statlege, regionale og lokale føringar. I tillegg til dette har det kome inn ein del innspel på trafikksikringstiltak, både haldningsskapande og forslag til fysiske tiltak for forbetring av trafikksikkerheita i kommunen. Dette er kome inn jamt og trutt gjennom heile planarbeidet. I tillegg har ein også arbeid saman med eit utval av personar som er blitt kalla ressursgruppe. Her har barn- og unge, næringsdrivande, transportnæringar, skulevesenet, forelde og andre engasjerte fått kome med innspel og tankar rundt trafikk og trafikksikkerheit i kommunen. Desse har fått gått gjennom planen før politisk handsaming.

Tilhøve til kommuneplanen

Kommuneplan for Bykle 2016 – 2026, samfunnsdelen har brukt den gamle trafikktryggleiksplanen som utgangspunkt i sin utarbeiding. Derfor vil den nye planen også verte utarbeid med grunnlag i kommuneplanen sin samfunnsdel. Den nye planen er ein tematisk kommunedelplan, jf. plan- og bygningslova §11-1.

Konsekvensar for folkehelse

Planen vil få positive konsekvensar for folkehelse i kommunen. Dette gjennom at planen skal vere med på å skape gode haldningar til tryggleik i trafikken, samt legge til rette for utbetringar av dagens vegnett.

Bykle, **01.06.2021**

Kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Forslag til trafikksikringsplan Bykle kommune 2021-2025
- 2 Forslag til tiltak - vedlegg til trafikksikringsplan 31.05.21
- 3 Planprogram for trafikkikringsplan 2021-2025 - vedtatt
- 4 Trafikksikkerhetsplan Bykle - ressursgruppa 14.april 2021
- 5 Trafikksikkerhetsplan Bykle - styringsgruppemøte 3 mai 2021
- 6 Innspill trafikksikringsplan ift. hest
- 7 Trafikksikkerhetsplan Bykle - ref. styringsgruppa 9.des 2020
- 8 Trafikksikringsplan Bykle referat - ressursgruppe
- 9 Bykle IL - Trafikksikringsplan 2021 - 2025 - innspel 09.12.2020
- 10 Innspel til varsel om oppstart av planarbeid for trafikksikringsplan 2021 - 2025 i Bykle kommune
- 11 Innspill trafikksikringsplan
- 12 SV: Forespurnad
- 13 VS: Forespørsel om Bykle kommune kan etablere fartsdumper på Breivevegen

Melding om vedtak blir sendt til: